

Fra: Nilsen Tom-Christer [tom-christer.nilsen@stortinget.no]

Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

Kopi:

Sendt: 09.12.2018 21:43:18

Emne: Fwd: Fylkesvåpen - forslag

Vedlegg: st-sunniva2.JPG

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: <tom-christer.nilsen@stortinget.no>

Dato: 9. desember 2018 kl. 21:42:43 CET

Til: <HFK@hfk.no>, <pos@sfj.no>

Kopi: <silja.bjorkly@gmail.com>, <indrevik@hotmail.no>, <frida.melver@stortinget.no>, <silje.hjemdal@stortinget.no>

Emne: Fylkesvåpen - forslag

Gode fylkeskommunar og fellesnemd

Vi, tre Stortingsrepresentantar frå det nye Vestland tillet oss audmjukt å fremje eit forslag til utkast til nytt fylkesvåpen for Vestland. Dette er ei førebels skisse, utforma av kunstnaren Øyvind Tumyr frå Ask i Askøy kommune i Hordaland. (tumyren@gmail.com, adr: Tumyren, 5307 ask).

Vi ynskjer oss eit fylkesvåpen som bind oss saman i det nye Vestland, og her vel vi eit symbol for den sterke vestlandskvinna.

Forslaget er ei stilisert skisse av St. Sunniva frå Selje på blå botn. Liknande symbol er i dag nytta av Selje kommune, som i framtida vert ein del av nye Stad kommune. Utkastet skil seg likevel klårt frå noverande kommunevåpen.

Som botn er vald fargen blå, for å markere den sentrale plassen havet, sjøen og fjorden har i Vestland.

St. Sunniva er vald som symbol fordi dette er ein helgen som bind dei to gamle fylka saman.

Skytshelgenen for Bergen, høvdingdottera som flykta frå tvangsekteskap i Irland og vart helgen i Selje i Nordfjord, er eit symbol for både fylka og heile Vestland. Hennar symbol er klippeblokka ho held i handa, som for oss peikar mot landet som stig av havet ved heimkomst, øyane og fjella. Slik sett bind symbolet St. Sunniva saman nord og sør, aust og vest, frå førkristen tid til våre dagar. Sunniva har og i si tid vore vernehelgen for Vestlandet, og det første bispesetet i Gulating var på Selja. Ho er eit svært naturleg symbol for det samla Vestland.

Der er og ei kopling til historiske Moster og kyrkja der. Historia skal ha det til at Olav Tryggvason fyrst kom til Moster og grunnla kyrkje der, men noko seinare same år eller neste år, kom han til Selje og fann liket etter St. Sunniva og grunnla kyrkje der. Slik strekk det seg liner gjennom heile fylket si utstrekning knytt til dette symbolet.

Med Sunniva får vi eit historisk symbol, unikt for Vestland, kjent i tusen år, som representerer eit samla Vestland si felles historie, den sterke kvinnen, by og land, og havet, sjøen og fjorden gjennom blåfargen og øyar og fjell gjennom Sunniva si klippeblokk. I tillegg får vi eit symbol for den sterke vestlandskvinna

av i dag, for eit Vestland som vart/vert samla gjennom to kvinnelege fylkesordførarar i ei tid med ei kvinneleg, vestlandsk statsminister.

Med hilsen

Tom-Christer Nilsen, Askøy/Hordaland

Silje Hjeddal, Bergen/Hordaland

Frida Melvær, Askvoll/Sogn og Fjordane

□